

Åheim Elveigarlag
Dalavegen 74
6146 Åheim

25.09.2022

NVE – Norges Vassdrags- og energidirektorat
Marthe Cecilie Pramli: mcpr@nve.no
Randi Holme: roh@nve.no
Vanylven kommune

VDR: HØYRING AV REVISJONSDOKUMENT FOR REGULERING AV ÅMELAVASSDRAGET, VANYLVEN OG VOLDA KOMMUNAR, MØRE OG ROMSDAL.

Vår dato: 25.09.2022
Referanse: 201907463-23
Vår referanse: Åheim Elveigarlag (969 595 397) ved Svein Thue

Tussa Energi AS, skriv i sitt Revisjonsdokument, sist avsnitt før «Til slutt»: «Som ein ser er det fleire tiltak som kan utførast (jfr. Sweco) for å betre tilhøva for fisken i vassdraget. Vi har til intensjon»

Det ser ut til at Tussa Energi AS vil bidra til noko vi alt har i Åheims elva. Vitenkapeleg råd stadfester at tilhøva til laksen er gode og at gytebestandsmåla m.a. er på plass. Dette har vi kvart år dei siste 10-15 åra arbeidd for gjennom m.a. regulering av opningstider og stenging av elva når vasstanden er liten, alt dette utan eit innspel / medverknad frå Tussa Energi AS.

Elveigarlaget sin intensjon når langt lenger. Vi vil ha ei aktiv elv, der det er vatn som tillèt fiske i sesongen. Nettopp dette skaper den rekreasjonen og dei gode ringverknadane i bygda vi er ute etter. For å få til dette er vasstanden kritisk, og her kan Tussa opnar for meir vatn i elva, slik det frå naturen tidlegare var. Å betre tilhøva for fisken, er grunnleggande og skjer laupande og er grunnlaget for den suksessen vi har hatt.

I siste avsnitt ser vi at tapet for Tussa med å regulere inn ein minstevassføring, resulterer i eit tap i str. orden + 12 mill.kr.. Tussa inviterer vidare til samarbeid for å gjennomføre tiltak som fram går av tilstandsrapporten til Sweco.

Det er påfallande at Tussa no inviterer til samarbeid etter å hatt glede av betydelege vassmengder i ei årrekkje mot ubetydeleg vederlag.

Vi er godt kjende med Vitenskapeleg råd sine rapportar, og det har vore ei rekkje utgreingar frå ulike konsulentar som konkluderer om lag som Sweco. **Den store mangelen i rapporten er at konsulenten ikkje gjer simulering av effektar av meir vatn i elva.** Statistiske rapportar hjelper lite i denne samanheng.

Vi har no «fasiten» på det vi er ute etter. To år med ulik vasstand som fylgje av ulike nedbørmengder, stadfestar på ein god måte at det er vatn i elva som gjev gode resultat.

2021:

Fiskesesongen er som kjent dei tre sumarmånadane juni, juli og august. Vi holt elva open for fiske kunn 8 døgn i 2021, då vasstanden var for låg elles, til å drive eit forsvarleg fiske. Det vart fiska 163 laks eller 356,7 kg fisk etter fangstrapportane.

2022:

Som kjent har det i vårt område vore godt med nedbør i fiskesesongen og elva har vore open for fiske i ca. 52 døgn. Det vart fiska 772 laks eller 1.805,5 kg etter fangstrapportane.

Med bakgrunn i fisket desse to åra trekkjer desse konklusjonane:

- Fisket og mogleg rekreasjon i Åheims elva har ein klar samanheng med vatn i elva.
- God vasstand gjer at langt meir fisk går opp i vassdraget, enn om vassføringa er liten.
- Visuelle observasjonar har vist at i 2022, har langt større kvantum med laks har gått opp i vassdraget enn i 2021. Av dette utleder vi at meir fisk får gyte og såleis sikre eit godt grunnlag for seinare godt fiske.
- Med meir vatn i elva vert fisken mindre sensitiv for fleire av dei Habitat flaskehalsane Sweco beskriv i sine konklusjonar.
- Sweco viser til mykje sand i, spesielt i viktige gyteområder. Etter lakseteljingar dei siste årene, om hausten, vert det stilt spørsmål til gyteområder. Det kan sjå ut til at heile vassdraget er gyteområde. Sibelco gjer for sin del tiltak for å betre gyteforholda.
- Elveigarlaget har innhenta plan på korleis ein kan forsere Rustefossen og opne for store gyteområder på Hellebust. Pågåande Jordskiftesak for å få feles rapportering frå heile vassdraget (Jfr. Lakselova) har hindra framdrifta i dette arbeidet. Vasstanden er også her av stor betydning for å kunne forsere fossen.

Oppsummert:

Vi kjem ikkje vekk frå at det er vasstanden i elva som er avgjerande for om elva skal være ei god lakselv til glede for fiskarane og rekreasjon for innbyggjarane i området. Tiltak Sweco skriv om, kan ver nyttige, men manglar vi vassføring er det uansvarleg å opne elva for fiske og då har tiltaka ingen verdi for fiske og rekerasjon.

Som formann er det notert at Elveigarlaget har fått ei rekkje positive tilbakemeldingar på måten vi har forvalta den regulerte delen av elva på. Underteikna har vore formann sidan 2009 og vi har heile tida sett fiskevelferd i høgsete fram for andre interesser. Vi meiner å sjå resultatet av dette dei siste åra, med gode rapportar frå vitskapeleg råd.

Også 2021 kunne vorte eit godt fiske år om det hadde vore meir vatn i elva. P.g.a vasstanden var det avgrensa med fisk som gjekk opp i vassdraget, medan vi visuelt observerte store mengde fisk i osen. Vi har lapande fokus på Habitatflaskehalsane som Sweco påpeikar. Dette blir uansett kosmetiske tilpassingar. Det er god og stabil vassføring som kan gjere Åheims elva til ein god rekreasjonsplass for dei som er opptekne av å fiske.

Åheim Elveigarlag

Svein Thue (sveinthue@tussa.com)